




Eining for samfunnsutvikling

INNSPARING





Budsjett

Innsparing Oppvekst/Samfunnsut.: Fritidsfeltet	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000	-1 300 000
Innsparing samfunnsutvikling :2 kveldsmøter i året både i FSK og HST, 100 000 årleg	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Innsparing Samfunnsutvikling: Informasjons- og sekretariatsarbeid (inkl. IT)	-800 000	-2 400 000	-2 400 000	-2 400 000
Innsparing Samfunnsutvikling: Politisk	0	0	0	-1 000 000
Innsparing Samfunnsutvikling: Stabstenester - mellombelse løysingar, vakante stillingar	-560 000	-560 000	-1 300 000	-1 300 000
Innsparing samfunnsutvikling: Vaktordning IT	0	0	0	-446 667
Innsparing samfunnsutvikling:HST vert redusert til 23 og FSK til 7 frå 2028	0	0	-250 000	-250 000
Innsparing: Delvis reversering av tidlegare innsparing på generelle næringstilskot, gjeld årleg tilskot på kr 100 000 til Kvam næringsråd.	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Vedtekne, ikkje-realiserste innsparingstiltak - Samfunnsutvikling	-2 860 000	-4 460 000	-5 450 000	-6 896 667



Tiltaksbeskriving:

Bruk av lokale i ny vidaregåande skule – bibliotek, vaksenopplæring og kino

Frå 2026 skal kommunen nytte eigne lokale i den nye vidaregåande skulen til følgjande formål:

- Bibliotek
- Vaksenopplæring
- Kino
- Eit mindre rom sett av til kommunal verksemd

Kommunen eig desse lokala, og skal betale ein årleg kostnad på 1 800 000 kr knytt til bruken. Beløpet er basert på overslag frå Vestland fylkeskommune, og kan inkludere både felles driftskostnadar som reinhald og straum, samt eventuelle bidrag til investeringar eller andre kostnadar knytt til bygget. Det endelege innhaldet i kostnaden vil bli avklart når driftsmodell og avtale er på plass.

Fordelinga av kostnaden mellom tenestene er som følgjer:

- Bibliotek: 46 % = 820 000 kr
- Vaksenopplæring: 34 % = 600 000 kr
- Kino: 18 % = 340 000 kr
- Kommunal verksemd (mindre rom): 2 % = 40 000 kr

Det er sett av eit mindre rom til kommunal bruk, og det blir arbeidd med ei løysing for sambruk mellom tenester som vaksenopplæring, kulturskule og eventuelt andre.

Vidare er det viktig å merke seg at budsjettmidlar til husleige og driftskostnadar for dei midlertidige lokala til vaksenopplæringa og biblioteket allereie er teke ut av budsjettet i tidlegare prosessar. Dagens kostnader for vaksenopplæringa er om lag 1,3 millionar kroner, og for biblioteket om lag 580 000 kroner årleg. Denne reduksjonen er dermed innarbeidd i budsjettet, og inngår ikkje som ny innsparing i dette tiltaket.


Kommunen betalar i dag om lag 80 000 kr i årlege straumutgifter for kinodrifta i ungdomshallen. Ved flytting til ny vidaregåande skule kan det forventast ein viss reduksjon i desse straumutgiftene, ettersom straum og reinhald inngår i den årlege kostnaden til fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune står for reinhald i den nye vidaregåande skulen. Tiltaket medfører ei direkte reduksjon i kommunens eigne reinhaldsressursar, og i samband med dette blir det gjennomført ei nedjustering tilsvarande 0,3 årsverk innan reinhald. Reduksjonen er omtalt som eige innsparingstiltak under: *Innsparing Teknisk – Reduksjon av 0,3 årsverk reinhald ved flytting til ny vidaregåande skule*, og ligg under tenestene "Grunnskuleopplæring" og "Kultur".

Plan, byggesak og geodata



- Her har me tidlegare hatt innsparing på stilling
- Me har no valt å justere gebyr for plan, byggesak og matrikkelsaker til full sjølvkost. Det har tidlegare vore vedteken ei gradvis opptrapping mot full sjølvkost.
- KSK rapporten avdekka at me ligg lågare på gebyr enn dei kommunane dei samanlikna oss med.



Spørsmål kulturskulen

Ut frå ei sak i Hordaland Folkeblad (28.10.2025), der rådmannen svarar ut spørsmål frå Gjermund Stuve (SP) om ekstrakostnadar ved heradet sitt bruk av lokala i ny vidaregåandeskule, er det antyda at kulturskulefunksjonar skal flyttast (frå Høganesgården?) til ny VGS.

- Kva funksjonar er det tale om?
- Er det tale om å flytte undervisning?
- Er dette i so fall utgreidd, og har eventuelt kulturskulen vore høyrd?




Klimabudsjett

Klimaregnskap for 2024

Totalt utslipp	Per årsverk	Per omsetning (MNOK)
5 894 tonn CO2e	8,42 tonn CO2e	5,3 tonn CO2e


Utslipp over tid

Denne figuren illustrerer hvordan klimaregnskapet til Kvam kommune har utviklet seg over tid.



Klimaregnskap sammenlignet mot bransjesnittet

Denne figuren illustrerer klimaregnskapet til Kvam kommune sammenlignet mot bransjesnittet.



DITT TOTALE UTSLIPP I 2024

5 894 tonn CO2e



Kvam herad si handlingsplan for klimagassreduksjon mot 2030



TRANSPORT	ANSVAR	FINANSIERING
-----------	--------	--------------

- KVAM HERAD SKAL HA EIN EFFEKTIV OG LÅGUTSLEPPS-BILPARK**
Heradet sine nye person –og varebilar skal vera elektriske, så langt det ikkje går imot omsyn til beredskap. Det skal utgreist tiltak for effektivisering av heradet sin bilpark. I teneste skal heradet sine nullutsleppskøyretøy helst nyttast over private, fossile køyretøy, og tiltak for tilrettelegging bør vurderast.
Kimatiltak i Norge: T09, T16, T22, T23
- TENESTEREISER SKAL VERTA MEIR MILJØVENLEG**
Utslepp frå tenestereiser skal reduserast, ved bruk av auka bruk av digitale møter, og meir miljøvenleg transport. Det skal inngå i reiserutinane at tilsette skal undersøka miljøvennlege transportalternativ (eksempel: tog, buss, samkøyring, sykkel) før dei vel transport med bil eller fly. Det bør jamleg vurderast om heradet har økonomi til å gje kompensasjon når val av miljøvenleg transport gjer at ein reiser i fritida.
T03, T05, T06, T07
- FORBETRA LOGISTIKK OG LÅGUTSLEPPSKØYRETØY SKAL REDUSERA UTSLEPPA FRÅ KVAM HERAD SINE INNKJØP AV VARER OG TENESTER**
Utslepp frå transport skal vektast når ein betydeleg del av innkjøpet er transport. Ein vera bevisst på transportbehovet ved andre innkjøp av varer og tenester. For å fasilitera bruk av elektriske bussar og tunge køyretøy skal ein arbeida for etablering av ladeinfrastruktur.
T11, T16, T17, T19, T20, T24
- KVAMMASAMFUNNET SKAL GÅ, SYKLA OG REISA MEIR KOLLEKTIVT**
Kvam herad skal bidra til Kvammingane nyttar mindre bil, gjennom haldningsskapande arbeid og arbeid for gode løysningar for kollektivtransport. Tilgjengelegheit på gang- og sykkelveggar og kollektivtransport skal vektleggjast i arealplanar. Det skal leggjast til rette for sykling ved tenestestadene (eksemplar: parkering med høve til å låsa, garderobe med dusj).
(T01?), T04, T05, T06

MASKINAR	ANSVAR	FINANSIERING
----------	--------	--------------

- KVAM HERAD SKAL UTVIKLA SEG SOM GRØN BYGGHERRE**
I planlegging av bygge- og anleggsprosjekt skal Kvam herad utgreie viktige klimatiltak tidleg i prosessen. Klimabudsjett og -regnskap er verktøy som bør nyttast. Spesielt skal ein evaluera høve for å nytta nullutsleppsmaskinar, effektivisering (reduert bruk av maskinar og transport), og ombruk av massar.
T25, T26, T28
- KVAM HERAD SKAL KJØPA NULL- ELLER LÅGUTSLEPPSMASKINAR**
Ved nye innkjøp og leasingkontraktar av maskinar skal null-utsleppsalternativar vurderast. Dersom marknaden ikkje kan levere eit godt nullutsleppsalternativ, skal fossilfrie alternativ vurderast. Omsyn til beredskap skal med i vurderinga.
T28

JORDBRUK	ANSVAR	FINANSIERING
----------	--------	--------------

- KVAM HERAD SKAL DRIVA BEREKRAFTIG MATSERVERING VED TENESTESTADER**
Kvam herad skal arbeida systematisk for minimalt matsvinn ved sine tenestestader. Dietten skal i hovudsak følgja nordiske kostråd.
J01, J02
- UNNGÅ OMDISPOSERING FRÅ MYR OG SKOG TIL JORDBRUKSFORMÅL**
Det vert viktig å unngå omdisponering av jordbruksareal for å unngå eit erstatningsbehov. Klimagassutslepp i forbindelse med dyrking på myr skal synleggjerast og vektleggjast i søknadar (kalkulator på Miljødirektoratet si heimeside).
J05, J10

AREALBRUK	ANSVAR	FINANSIERING
-----------	--------	--------------


- KVAM HERAD SKAL IVARETA NATUR OG KARBONLAGER GJENNOM REDUSERT NEDBYGGING**
Som byggherre og myndigheit skal Kvam herad sikte mot å unngå nedbygging av verdifull natur. Kvalitetssikra kunnskapsinnhenting kreast for å vurdere kva som ikkje er verdifull natur. Ein skal spesielt unngå nedbygging av karbonrike areal, som skog og myr. Ved bygging i natur bør ein byggja arealeffektivt, redusera handsaming og fjerning av jord, eventuelt ombruka jorda, og bevare mest mogleg vegetasjon (inkl. trær/skog).
L01



Bidrag per kategori

Last ned

Denne figuren illustrerer klimafotavtrykket til virksomheten fordelt på hovedkategorier.



Utslipp i tonn CO2e

Energibruk	438,1
Varekjøp	2 129,4
Bygg	1 911,4
Transport og reise	794,4
Tjenestekjøp	347,5
Avfall	110,7
Direkteutslipp	162,2

Største bidrag i 2024

Bidrag	tonn CO2e	Totalt utslipp
1. NS Kontoplan samlekategori - Investeringer i bygg og eiendom (NS4102:2005)	1 486	25%
2. NS Kontoplan samlekategori - Reisekostnad (NS4102:2005)	706	12%
3. KOSTRA - Matvarer	551	9%
4. Elektrisitet - Norsk forbruksmiks - scope 2 og 3	348	6%
5. NS Kontoplan samlekategori - Reparasjon og vedlikehold bygninger (NS4102:2005)	287	5%
6. NS Kontoplan samlekategori - Datautstyr (NS4102:2005)	264	4%
7. NS Kontoplan samlekategori - Programvare (NS4102:2005)	233	4%
8. NS Kontoplan samlekategori - Investeringer i maskiner, inventar og transportmidler (NS4102:2005)	220	4%
9. KOSTRA - Andre tjenester	174	3%
10. NS Kontoplan samlekategori - Inventar, verktøy og driftsmateriell (NS4102:2005)	172	3%